



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Boge, Jan Erik	<b>Arkivkode:</b> FA - Q14
<b>Arkivsaksnr:</b> 11/333	<b>Løpenr:</b> 18/3037
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	12.04.2018	017/2018
Kommunestyret	26.04.2018	014/2018

## Vegtilkomst til Économusée Fjordtønna - ny handsaming

### 26.04.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Samnanger kommune gir Fjordtønna kompensasjon for meirutgifter dei er påført som economusee med kr 500.000.- Beløpet hentast frå disposisjonsfondet.*

Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønnå (Sp) fram følgjande framlegg til vedtak:

*Etter ekstern rapport frå advokat hos KS vert det fastslått at Samnanger kommune ikkje har juridisk plikt til å betra vegtilkomsten hos Economusée Fjordtønna.*

*Kommunen vil likevel gje ein kompensasjon på kr. 350.000,- til Fjordtønna.*

*Pengane vert teke frå næringsfondet.*

Olaug Øystese (A) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Arild Røen fram følgjande endra framlegg til vedtak:

*Samnanger kommune gir Fjordtønna kompensasjon for meirutgifter dei er påført som economusee med kr 400.000.- Beløpet hentast frå disposisjonsfondet.*

Det vart først gjennomført prøverøysting over dei tre framlegga. Der fekk Arild Røen sitt framlegg 12 røyster, Monica Tjønnå sitt framlegg 8 røyster og formannskapet sitt framlegg null røyster.

Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet vart det gjennomført endeleg røysting, der framlegget til Arild Røen vart sett opp mot framlegget til Monica Tjønnna. Arild Røen sitt framlegg fekk 13 røyster og vart vedteke. Monica Tjønnna sitt framlegg fekk 7 røyster.

For Arild Røen sitt framlegg	For Monica Tjønnna sitt framlegg
Arild Røen (H)	Monica Tjønnna (Sp)
Sture Tveit (H)	Øyvind Røen (Sp)
Odd Arne Haga (Frp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Gunnar Bruvik (Frp)	Svein Verner Røseth (Frp)
Gunn Østvik Petersen (A)	Bjarte Linga (Bl)
Olaug Øystese (A)	Martin Haugen (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Solveig Vassenden (Bl)
Harald Boge (A)	
Bright Olav Gåsdal (A)	
Inge Aasgaard (Krf)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Anja Marken (Mdg)	
Jon Magne Bogevik (Uavh.)	

#### KS- 014/2018 Vedtak:

Samnanger kommune gir Fjordtønna kompensasjon for meirutgifter dei er påført som economusee med kr 400.000.- Beløpet hentast frå disposisjonsfondet.

#### 12.04.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Samnanger kommune går i dialog med Fjordtønna om kompensasjon for meirutgifter dei er påført som economusee."*

Øyvind Røen (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Arild Røen fram følgjande tillegg til det første framlegget sitt:

*"Kompensasjon kr 500.000.-"*

Monica Tjønnna (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Etter ekstern rapport frå advokat hos KS vert det fastslått at Samnanger kommune ikkje har juridisk plikt til å betra vegtilkomsten hos Economusee Fjordtønna.*

*Kommunen vil likevel gje ein kompensasjon på kr. 200.000,- til Fjordtønna.*

*Pengane vert teke frå disposisjonsfondet."*

I røystinga fekk Monica Tjønnna sitt framlegg 5 røyster og Arild Røen sitt framlegg 4 røyster.

For Monica Tjønnna sitt framlegg	For Arild Røen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)

Øyvind Røen (Sp)	Olaug Øystese (A)
Odd Arne Haga (Frp)	Inge Aasgaard (Krf)
Lena Tveit (Bl)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Monica Tjønnå (Sp)	

#### **FORM- 017/2018 Vedtak:**

Etter ekstern rapport frå advokat hos KS vert det fastslått at Samnanger kommune ikkje har juridisk plikt til å betra vegtilkomsten hos Economusé Fjordtønna.

Kommunen vil likevel gje ein kompensasjon på kr. 200.000,- til Fjordtønna.

Pengane vert teke frå disposisjonsfondet.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

#### **Dokument som er vedlagt:**

Notat frå KS Advokatene

#### **Kva saka gjeld:**

Formannskapet hadde 22.02.2018 oppe sak om vegtilkomst til Économusée Fjordtønna (saksnr. 005/2018). Formannskapet vedtok å be KS (Kommunesektorens organisasjon) om å gje ei vurdering av i kva grad Samnanger kommune har teke på seg juridisk bindande forpliktingar til å utbetra vegen fram til Fjordtønna. Det går fram av vedtaket at vurderinga må vera ferdig til 01.04.2018.

På bakgrunn av vedtaket tok rådmannskontoret 26.02.2018 kontakt med KS. Same dag vart det sendt e-post med kopi av diverse saksdokument til KS, mellom anna alle saksdokumenta frå formannskapssak 005/2018.

I og med at dette er eit advokatoppdrag som kommunen må betala KS for (timesats), vart det avtalt ei ramme på inntil 30 timar for oppdraget (kostnadsramme på inntil ca. 50.000 kroner). Det er advokat Siri Tofte som har hatt denne saka i KS.

KS v/Siri Tofte har under arbeidet med saka bedt om - og fått tilsendt - diverse informasjon/dokument frå rådmannskontoret. Ho har ønska å få så mykje informasjon/dokumentasjon om saka som mogleg, for å få eit godt grunnlag for den juridiske vurderinga. Rådmannskontoret har, så langt me kan sjå, oversendt all dokumentasjon som kommunen har knytt til denne saka. I tillegg er det framskaffa nokre få dokument frå fylkeskommunen.

Rådmannskontoret mottok vurderinga frå KS-advokaten den 01.04.2018. Kopi av notatet med vurderinga følgjer vedlagt.

Konklusjonen til KS-advokaten (side 6 i notatet) er som følgjer:

*«Etter min vurdering kan jeg vanskelig se at kommunen kan anses å ha en juridisk plikt til å utbedre veien. Spørsmålet om veien skal rustes opp vil derimot måtte bero på politiske vurderinger, hvor også hensynet til kommunens omdømme vil være av betydning. Ved denne vurderingen vil det etter mitt syn være viktig å få avklart hva den tidligere ordføreren har kommunisert i saken.»*

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Det vert vist til det vedlagte notatet for nærmare informasjon om vurderingane KS-advokaten har

gjort med omsyn til eventuelle juridiske forpliktingar for kommunen. Rådmannskontoret har ikkje utfyllande vurderingar i forhold til dette.

Innleiingsvis i notatet frå KS-advokaten vert det opplyst at notatet kan innehalda opplysningar som er taushetsbelagt etter offentleglova § 13, og at dokumentet òg kan innehalda råd og vurderingar som er nevnt i offentleglova § 15 andre ledd. Rådmannskontoret si vurdering er at notatet ikkje inneheld teiepliktig informasjon eller annan informasjon som bør vera unnateken frå offentleg innsyn. Det går òg fram av offentleglova § 16 at saksframlegg med vedlegg til eit kommunalt folkevald organ ikkje kan unnatakst som eit «dokument innhenta utanfrå for den interne saksførebuinga».

Det vert vist til saksdokumenta i formannskapssak 005/2018 for bakgrunnsinformasjon om saka om vegtilkomst til Fjordtønna. Desse dokumenta kan lastast ned frå Folkevaldportalen på kommunen sine nettsider.